



Kreftsjukepleiarane i Kvinnherad, Marit Sjøvangen og Wanda Eliassen Medhus, informerer om tilbodet for kreftsjuke og deira pårørande.

Knapt ein stol var ledig i Gamleskulen i går då Uskedal helselag saman med kreftsjukepleiarane inviterte til informasjonsmøte. Det var frammøte frå heile kommunen og tiltaket syner at det er trong for faste møte om kreftsaka, noko som truleg fører fram til det Stord og Odda har med sine kreftkafear. Det er viktig å skapa gode møteplassar om det faglege, men like mykje som eit sosialt tiltak.

Kreftsjukepleiarane, Marit Sjøvangen og Wanda Eliassen Medhus, fortalde om Kvinnherad kommune sine tilbod til kreftramma og pårørande. Det er eit lågterskel tilbod der pasienten sjølv melder frå kva ein treng hjelp til. Tenesta handlar mellom anna om koordinering, heimebesøk, samtale, oppfølging, smertelindring, livsforlengjande tiltak, hjelpemidlar og råd om kost og ernæring.



[Mona Ådland er ein aktiv leiar og medlem i Brystkreftforeningen på Stord. HO ynskjer tettare samarbeid med Kvinnherad.](#)

Torhild Åmot og Hege Lussand informerte om tenesta i Odda og på Stord. I begge desse kommunane vert det i samarbeid med dei frivillige skipa til temakafe med føredrag og sosialt samvære. Både Odda og Stord ynskjer tettare samarbeid med Kvinnherad. Det vert laga møteplan for eit halvt år framover.

Mona Ådland frå Brystkreftforeningen på Stord hadde eit inspirerende innlegg. Ho hadde synlege seinskader frå kreftsjukdomen og etterbehandlinga. Organisasjonen hennar er eit av 60 lokallag i landet, har 83 medlemmer i Sunnhordland og dei møtest fast ein gong i månaden.

Ola Gunnar Hjelmeland representerte Prostataforeningen (ProFo - Fonna). Reidar Guddal starta og var fyrste leiar i dette lokallaget. Marta Teigen Varanes var med frå Frisklivsentralen og Trude Røyrvik representerte Ergoterapitenesta.

Uskedalen.no hadde ikkje høve til å vera med på heile møte og kjenner difor ikkje til konklusjonen og kva som vert gjort vidare, men det gode frammøte fortel at det er eit behov for oppfølging.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det gode frammøte i Gamlaskulen syner at saka er viktig og treng ei vidare oppfølging.